

## REFERAT FRÅ MØTE I FFU

**TYSDAG 26.9.2017 KL. 14.15 – 16.00**

**Til stades:** Jens Eike Schnall (leiar), Gjert Kristoffersen, Henning Laugerud, Christine Hamm, Juliane Tiemann (for Synne Ytre Arne) Sunniva P. Johansen, Erik Bjerck-Hagen og Håvard Peersen.

**Fråfall:** Gunnstein Akselberg

**Skrivar:** Anne Berit Apold

### **Saker:**

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Framlegging av referat frå møtet 14.6.2017  
Det var ingen kommentarar til referatet.

### **16. Nasjonale retningslinjer for open tilgang til vitenskaplege artiklar – diskusjonssak**

FFU hadde eit langt ordskifte om saka. Sentrale moment:

- Kva vil dei nye retningslinjene ha å seia for publiseringspraksis ved HF? Korleis skal systemet følgjast opp?
- Retningslinjer og informasjon om kva tidsskrift som aksepterer publisering i institusjonsarkiv vart etterlyst.

Det var semje i FFU om å senda brev om saka til fakultetet. Eike lagar utkast til brev.

### **17. Oppfølging av ph.d.-kandidatar når ordinær ph.d.-periode går ut – diskusjonssak**

Det var brei semje i FFU om å formalisera oppfølging av ph.d.-kandidatar som ikkje har levert avhandlinga når ph.d.-perioden/finansieringa går ut. Det var semje om følgjande:

- Perioden for ein søknad om forlenging må normalt vera innanfor 6 månader.
- Det må leggjast opp til eit møte med kandidat og rettleiar i samband med ein slik søknad.
- Det må koma tydlegare fram av skjemaet kva kandidaten søker om.

### **18. Orienteringssaker:**

#### **a) Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar**

Dei spesialsakkunnige leverer rapportar i slutten av september, og komiteen håpar å kunna ha klar rapport med rangering innan utgangen av oktober.

#### **b) Innmelding av publikasjonskanalar til NSD – frist 30. november.**

Håvard sender informasjon til vitenskaplege tilsette om dette.

**c) Evaluering av humanistisk forskning i Norge v/ NFR (HUMEVAL)**

Kort orientering om signal frå NFR v/Eike.

**d) Oppfølging av LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – arbeidet med arbeidsgruppene.**

Kort orientering v/ Eike

**19 Ymse**

Det var ingen saker under ymse.

2.10.2017

Anne Berit Apold, skrivar